



Norsk studentorganisasjon

## GRUNNLOVFASTING AV GRATISPRINSIPPET

Vedtatt av Sentralstyret 6. juni 2021.

### Gratisprinsippet bør grunnlovsfestes

Gratisprinsippet er det viktigaste prinsippet i høgare utdanning, og er prinsippet om at høgare utdanning i Noreg skal vera gratis. Dette er ufravikeleg.

Det er ikkje eit mål i seg sjølv at alle skal ta høgare utdanning, men alle skal ha tilgangen til å gjera det. Høgare utdanning er essensielt for utviklinga av samfunnet, og det gagnar staten og samfunnet vel så mykje som individet at me har ein høgt utdanna befolkning.

NSO ynskjar å endre §109 i grunnlova for å grunnlovsfeste dette prinsippet. Ved å få det inn i Noregs øvste juridiske dokument forankrar me denne tanken i Noreg. Me har nytt godt av det, og bør fortsetje med å vera heilt tydelege på at gratisprinsippet aldri skal svekkast.

§ 109.

*Alle har rett til utdanning. Born har rett til å ta imot grunnleggjande opplæring. Opplæringa skal utvikle evnene til kvart barn og ta omsyn til dei behova det har, og fremje respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.*

*Dei statlege styresmaktene skal sikre tilgjenge til vidaregåande opplæring og likt høve til høgare utdanning på grunnlag av kvalifikasjonar.*

NSO meiner at

- Gratisprinsippet i høgare utdanning skal grunnlovsfestes.